

Kommunevalprogram for Sør-Aurdal Senterparti for valet 2011.

Born og oppvekst

- Kommunen skal ha skular med god kvalitet og gode resultat.
- Senterpartiet ynskjer å oppretthalde noverande skulestruktur.
- Barnehagetilbodet og SFO må oppretthaldast og utviklast.
- Senterpartiet ynskjer å bidra til at Valdresprosjektet ved Valdres vidaregåande skule skal halde fram.

Helse og omsorg

- Kommunen skal sikre eit best mogleg lege- og tannlegetilbod i Sør-Aurdal.
- Det er viktig å byggje opp under noverande Valdres Distriktsmedisinsk Senter på Fagernes.
- Det er viktig å framleis samarbeide med Ringerike om enkelte helsetenester.
- Kommunen må sikre tilstrekkeleg tilgang på pleie- og omsorgsplassar, og oppretthalde det gode helse- og omsorgstilbodet for alle aldersgrupper.

Busetjing

- Senterpartiet ynskjer å oppretthalde busetjinga i alle bygder og grender.
- Senterpartiet vil at kommunen til ei kvar tid skal ha attraktive kommunale bustadtomter å tilby i alle delar av kommunen, og i størst mogleg grad tillate bustadbygging på private tomter.
- Senterpartiet ynskjer primært ikkje å innføre utvida eigedomsskatt. Dersom det skal vera aktuelt å innføre utvida eigedomsskatt, må det vera for å betre tenestetilbodet til innbyggjarane.
- Senterpartiet ynskjer å vidareføre praksisen i kommunen når det gjeld bu- og driveplikt.

Samferdsle

- Det gode arbeidet med utbygging av E-16 gjennom kommunen må fullførast raskt. Ei eventuell bomløyising på E-16 må berre innførast dersom vi får gjennomslag for gode rabattordningar for dei som bur i nærleiken. Det er viktig at gåande og syklande verte teke omsyn til i denne utbygginga.
- Fylkesvegane Bagn-Reinli, Nes-Åsli, Bagn-Island og over Leirskogen har for dårleg standard, og Sør-Aurdal må presse på for å heve standarden på desse.
- Kommunale vegar må haldast godt vedlike.
- Kommunen må framleis arbeide for å få fleire sikre skulevegar og gang- og sykkelstigar.

Kultur, kyrkje og fritid

Senterpartiet vil at kommunen skal

- støtte positivt opp om det friviljuge arbeidet innan idrett og kultur som vert drive av lag og organisasjonar, og dele ut kulturmidlar i eit omfang som bidreg til stimulans.
- sørge for at kyrkja får tilstrekkelege midlar til vedlikehald av kyrkjebygg og kyrkjegardar.
- utvikle kulturskulen.

Næringsliv

- Kommunen skal ha ei positiv haldning til eksisterande næringsliv og legge til rette for vidare næringsutvikling, m.a. med areal for næringsetablering.
- Jordbruk og skogbruk er bærebjelkar i Sør-Aurdal. Det er viktig at kommunen bidreg til å oppretthalde desse næringane m.a. ved å vidareføre noverande kompetanse. Kommunen skal vera positiv til allsidig verksemd og vidareforedling innan primærnæringane og tilknytte næringar. Grunneigarar skal gjevast høve til næringsutvikling på eigedommane. Kommunen skal vera svært restriktiv til nedbygging av jordbruksareal.
- Skogbrukskommunen Sør-Aurdal bør spela ei aktiv rolle ved utvikling av fornybar energi.
- Turisme, hytter, detaljhandel og servicenæring er viktige næringar i Sør-Aurdal. Kommunen skal gjennom godt planarbeid skape gode framtidretta planer og ha effektiv sakshandsaming som gjer det enkelt for lokalt næringsliv å samarbeide med kommunen.
- Sør-Aurdal har viktige kulturelle tradisjonar. Kommunen skal vera positive til etablering av kulturnæring som verkemiddel for nyskaping, trivsel og vekst.

Sør-Aurdal kommune

- Senterpartiet meiner at med noverande oppgåvefordeling bør Sør-Aurdal kommune bestå som eigen kommune, men ha eit fornuftig samarbeid med andre kommunar i Valdres.
- For å kunne oppretthalde gode tenester for innbyggjarane er det nødvendig å vidareføre ei god og kontrollert styring med kommuneøkonomien.
- Vi skal bidra til at born og ungdom får ein oppvekst som gjer at dei ynskjer å busetja seg i Sør-Aurdal når dei vert vaksne.

Vi i Senterpartiet brukar organisasjonen vår heilt opp til Stortingsnivået for å betre Sør-Aurdal sine leve- og vekstvilkår